



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 10.09.2019
Vår ref: 18/02934-20
Deres ref:

Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Bakkebufjellet massetak i Nissedal kommune. Tiltakshaver: Kyrkjebrygdheia AS.

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBNOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) visert til
søknad om driftskonsesjon, datert den 21. juni 2018.

1. Tildeling av driftskonsesjon

DMF tildeler Kyrkjebrygdheia AS, 980 975 401, heretter kalla «tiltakshavaren»,
driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av fast fjell i Bakkebufjellet massetak på del
av eideomen gbnr. 10/1 i Nissedal kommune. Mineralførekomenstn hører til
kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 32 daa og går fram av kart med tittelen
«Konsesjonsområde Bakkebufjellet massetak i Nissedal kommune» produsert ved DMF
den 27. mai 2019, vedlegg 5.

Etter reguleringsplan «Detaljregulering – Bakkebufjell massetak» med planID 2012005,
vedteken i kommunestyret den 13. desember 2012, regulert til
steinbrudd/masseuttak.

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning,
arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Tiltakshavaren er ansvarleg for å
innhente andre nødvendige løyve.

2. Vilkår for driftskonsesjonen

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

2.1. Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.



Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjøre vesentlege avvik fra driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

2.2. Økonomisk sikkerheit

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 770 000,-, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 300 000,-, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Før drifta startar skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, vedlegg 1;
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande, vedlegg 3;
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6, vedlegg 2.

2.3. Bergteknisk ansvarleg

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

Ein bergteknisk ansvarleg for uttaket, med dei nødvendige kvalifikasjonane, skal vere på plass før drifta startar. Innan same dato skal Tiltakshavaren melde inn til DMF namnet på den ansvarlege og legge ved meldinga dokumentasjon på at personen fyller krava til bergteknisk ansvarlege. Dersom verksemda skal leige inn den ansvarlege, skal dokumentasjon på avtalen mellom Tiltakshavaren og den bergteknisk ansvarlege leggjast ved meldinga.

2.4. Andre vilkår

Den regulerte føremålsgrensa for massetaket skal setjast ut eller markerast i terrenget på ein slik måte at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplanen for Bakkebufjellet massetak. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket, vedlegg 4.

4. Høyringsfråsegner med kommentatarar frå DMF

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Fylkesmannen i Vestfold og Telemark, Nissedal kommune, NVE Region sør, Opplysningsvesenets fond, Statens vegvesen region sør, Telemark fylkeskommune, Vest-Telemark Kraftlag AS, samt andre høyringsinstansar slik det kjem fram av adresselista til høyringsbrevet og adresselista til dette vedtaksbrevet.



Høringsperioden var frå 29. mai 2019 til 28. juni 2019.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

Nissedal kommune:

Kommunen ser positivt på at verksemda no har søkt om driftskonsesjon. Reguleringsplanen for Bakkebufjellet massetak blei eigengodkjent av Nissedal kommunestyre i 2012. Som ein del av grunnlaget for godkjenninga, blei det ifølgje kommunen, også utarbeidd ei ROS-analyse, ei natur- og landskapsanalyse og gjennomført ei arkeologisk registrering. Kommunen har ikkje kjennskap til andre opplysningar om miljø, naturmangfald, kulturminne og forureining anna enn det som kjem fram av dei ovannemnde dokumenta.

DMF sine kommentarar:

DMF harteke høyringsinnspelet til etterretning.

Telemark fylkeskommune:

Fylkeskommunen syner til eksisterande reguleringsplan for området og føreset at drifta skjer i samsvar med planen. Dei hadde ingen merknader utover dette.

DMF sine kommentarar:

DMF harteke høyringsinnspelet til etterretning.

Anne V. Søftestad Carefoot & Søftestad Camping:

Carefoot viser til at hun er eigar av gnr. 18/1 i Nissedal kommune og at ho på eigedom driv Søftestad Camping. Campinga er open frå 1. mai til 1. september kvar sommar. Carefoot gjør gjeldande at plasseringa av Campinga fører med seg at dei opplever mykje støy frå uttaket, då lyden blir reflektert frå store flatar som eit ekko. Vidare viser Carefoot til at dei høyrer arbeidet i uttaket svært godt, då det sprengast inntil 2-4 gonger per dag, og når massane blir transportert. Ho viser til at tiltakshavaren er driver av eit anna steinbrot i nærleiken, og at kommunen her har pålagt tiltakshavaren at det ikkje skal vere noko form for støyande aktivitet i perioden 1. juni til 1. september kvart år. Carefoot viser til at bråket medfører at gjestane hennar ikkje trivast på grunn av støyen. Ho gjør gjeldande at tiltakshavaren har hogd ned eksisterande skjermande vegetasjon. Vidare poengterer ho at eit uttak på 400 000 m³ masse, med et årleg uttak på om lag 15 000 m³ vil innebere ei drift over 26 år. Carefoot finn det utroleg at tiltakshavaren skal få øydeleggje næringa hennar og øydeleggje roa for innbyggjarane og besökande over så mange år. I samband med dette ber Carefoot om at arbeidet ikkje skal førekommme mellom 1. juni til 31. august kvart år. Avslutningsvis gjer ho grundig greie for lydens hastigkeit.

DMF sine kommentarar:

Når det gjeld vilkår om støyande aktivitet og å avgrense dette til nærmare bestemte periodar, viser DMF til reguleringsføreseggnene som ikkje har nedfelt slik grense for drifta. Reguleringsføreseggnene punkt 2 viser til at anleggsarbeid ikkje skal ske i påska, pinse, jul, nyttårshelg eller offentlege høgtidsdagar. Vidare er driftsperioden avgrensa til måndag-fredag mellom kl. 07:00-22:00, samt at periodar med knusing kan skje frå kl. 07:00 til 23:00 også på laurdag. Dersom det er mistanke om at tiltakshavaren bryt med desse føreseggnene er det kommunen som skal ha beskjed om dette, då dei er rette myndighet for å følgje opp reguleringsføreseggnene. Eit løyve etter minerallova, under dette ei tildeling av driftskonsesjon, erstattar ikkje krav om løyve, godkjenning,



arealplan eller konsesjon etter anna loverk jf. minerallova § 5. DMF vil også vise til at det blei utarbeidd ei ROS-analyse og ein støybereking i samband med reguleringsplanarbeidet. Resultata frå støyberekingane har ført med seg at det er lagt inn ei omsynssone for støy rundt uttaket. DMF har lagt til grunn gjeldande reguleringsplan og den utredninga som er gjort i samband med dette. Vi har ikke funne grunn til å stille vilkår som avgrensar tiltakshavaren si drift ut over det som allereie kjem fram av reguleringsføresegne.

Torfinn Sanden:

Sanden har i tillegg til uttale i samband med søknad om driftskonsesjon vist til Naturvernforbundet i Telemark sitt høyringssvar i samband med kommunen si handsaming av reguleringsplanen for Bakkebufjellet. Inneleatingsvis i sitt høyringsinnspele viser Sanden til at han meiner at saksgangen fram til no er svært kritikkverdig, at kritiske røyster ikkje har blitt høyrd og at uttaket har starta opp drift utan godkjent driftskonsesjon. Han viser til at uttaket ligg i ei skråli, godt synleg og at støyen spreier seg over eit stort område. Vidare meiner han at sprenging og knusing av stein starta opp ulovleg hausten 2018 i samband med bygging av eit kommunalt vatn- og kloakkprosjekt. Sanden meiner at tiltaket har fått følgjande konsekvensar (siterat direkte frå høyringsinnspelet):

- «Merka turveg er rasera.
- Eit stort antall kolörper er registrera i området, desse kolropene var på eit tidspunkt månadens kulturminne frå Telemark fylkeskommune.
- Myrområder vert berørt/nedbygd. Jamfør viktigheten av å la myr få ligge urørt – klimautfordringane.
- Landskapsverknadane. Ein av føresetnadane/lovnadane frå utbyggjar, og som låg til grunn for godkjenning av reguleringsplanen, var at det skulle sparast skog kring massetaket. Det aller meste av den skogen er nå fjerna. Visert til vedlagt foto.
- Støyforureining er stor pga. terrenget kring massetaket. Dvs. korleis landskapet er kring tiltaket».

Sanden meiner at tiltakshavaren har sett i gang drift i eit uttak på Tingstø i Nissedal kommune, der uttaket er på meir enn 10 000 m³. Han reiser spørsmål om det er gitt driftskonsesjon her. Avslutningsvis framhever Sanden at uttaket har skjedd ulovleg og at dette må få konsekvensar.

DMF sine kommentarar:

DMF vil først og fremst peike på at vårt fokus i denne saka har vore på å handsame søknaden deira om driftskonsesjon. Søknaden til tiltakshavaren vurderast etter minerallova sine føresegner, samt dreier seg om det driftstekniske ved uttaket. DMF orienterte tiltakshavaren i brev av 8. februar 2019 om at dei ikkje har anledning til å starte drift i uttaket før det er fatta vedtak om tildeling av driftskonsejon.

Tiltakshavaren har i tilbakemelding til oss den 20. februar 2019 bekrefta at dei ikkje har starta opp drift i Bakkebufjellet massetak. Når det gjeld plassering av uttaket, viser DMF til at dette blei handsama gjennom ein reguleringsprosess med kommunen. Vi har lagt til grunn gjeldande reguleringsplan i handsaminga av søknaden om driftskonsesjon, og stadfestar konsesjonsområdet i tråd med område for råstoffutvinning slik det kjem fram av reguleringsplankartet. Området er om lag 32 daa stort, der det er lagt inn ei sone for skogbruk rundt uttaket. Det er også lagt inn ei omsynssone rundt masseuttaket med tanke på støy, slik at det ikkje skal etablerast anna verksemde innafor denne omsynssona. Ifølgje den informasjonen DMF sitt med,



ble det i samband med reguleringsplanen utarbeidd den eigen støyrapport. Omsynssoa for støy er nedfelt med bakgrunn av funna i denne rapporten. DMF har også grunn til å tvile på dei funna og vurderingane som er gjort i samband med arbeidet med reguleringsplanen. Ved mistanke om at tiltakshavaren har gått utom grensa for råstoffutvinning, og har gjennomført tiltak innanfor sone avsett til skogbruk i reguleringsplanen, er det kommunen som er rette mynde til å ta stilling til slike merknader. DMF føreset at tiltakshavaren berre tar ut massar innanfor det området konsesjonen er gjeven for. Merknader knytt til ulovleg drift på eit anna område enn det er snakk om i dette tilfellet vil DMF ikkje ta stilling til i denne saka. Vi oppmodar om at det sendast ei eiga melding eller førespurnad om dette som ikkje er knytt til denne konsesjonssøknaden.

Tor Einar Tveit:

Tveit viser til at han eig eigedomen 13/1, og bur ca. 800 m. frå masseuttaket. Han plagast av støy frå fjellboring og knusing. I samband med dette viser han til at vegetasjonen kring massetaket skulle fungere som ei buffersone og støyskjerm for omgjevnadane. Ifølgje Tveit er skogen hogd ned, slik at det er fritt innsyn til verksemda. Vidare viser han til at støyen har vore sjenerande heilt sidan drifta starta hausten 2018. Tveit framhevar også reguleringsføreseggnene som viser til at det skal brukast vatn for å dempe støy. I samband med dette etterspør han ein nærmare utgreiing og plan for kor dette vatnet skal kome frå og kor sikker vasskjelda er. Avslutningsvis viser Tveit til at det synast som om tiltakshavaren ikkje respekterer føresegnene i reguleringsplanen og viser til desse punktane:

- Godkjent driftskonsesjon må på plass før massetaket kan startast opp.
- Når skal sikringstiltak utførast (Sikringsgjerde)? Før eller etter skyting av fjell?
- Sikringsgjerde er ikkje montert.
- Varselskilt er heller ikkje å finne i området».

Han saknar også varsel før skyting.

DMF sine kommentarar:

DMF har ved handsaminga av søknaden om driftskonsesjon lagt til grunn gjeldande reguleringsplan. Vi føreset at tiltakshavaren følger deiføresegnene som ligg til grunn for arealtillatelsen, og viser til at det er kommunen som følger opp eventuelle brot på reguleringsføreseggnene. Eksempelvis vil å fjerne støyskjerming utan at reguleringsføreseggnene opnar for dette, kunne vere eit brot på reguleringsplanen. DMF vil understreke at konsesjonen blir gjeven i tråd med området som er avsett til råstoffutvinning i reguleringsplanen. Som utgangspunkt har tiltakshavaren ikkje løye til å ta ut massar utanfor dette, med mindre reguleringsplanen eller kommunen har opna for dette. Det er likevel kommunen som skal ha melding ved mistanke om brot på reguleringsføreseggnene. Når det gjeld bruken av vatn for demping av støy ved drifta, har DMF ikkje noko meir inngående informasjon om kva for eikjelde tiltakshavaren hentar vatn frå. Vi føreset at dette tema er utreda og handsama i samband med reguleringsplanen. Like full ser vi det som eit positivt avbøtande tiltak mot støy at tiltakshavaren planlegg å nytte vatn. Tiltakshavaren er forpliktta etter mineralloven § 49 til å iverksette og vedlikehalde sikringstiltak for heile området slik at arbeida ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Tiltakshavaren skriv i driftsplanen sin at dei skal sette opp sikringsgjerde som skal flyttast etter kvart som drifta går framover. Tilkomstvegen skal også sikrast med fareskilt. Vi understrekar overfor tiltakshavar at dette tiltaka skal vere på plass før drifta startar opp. Når det gjeld manglande varsel i forkant av skyting av ei salve, minner DMF tiltakshavaren om forureiningsforskrifta § 30-8. Her er det nærmare regler for når sprenging kan skje, samt



ein føresetnad om at naboarskal vere varsla når sprenging skalfinne stad. Det er fylkesmannen som forvaltar forureiningsregelverket og skal ha melding ved mistanke om brot på desse føreseggnene.

Lene Cecilie Hellum og Ian Parry-Jones:

I høyningsinnspelet viser Hellum og Parry-Jones til fleire punkt, under dette; støy og støv, transport/vegrett, skjerming og monopolisering. Når det gjeld støv og støy viser dei til at eigedomen deira ligg ca. 450 meter i luftlinje frå masseuttaket og ca. 20 meter lågare i terrenget. Dei framhevar at dei vil bli belasta med støv og støy i samband med uttaket, og at dette er noe dei har merka sidan tiltakshavaren starta uttaket hausten 2018. Vidare skriv Hellum og Parry-Jones at tiltakshavaren har fått løyve til å drive knuseverk frå 07:00-23:00 av kommunen, og meiner dette er ei urimelig støybelastning for naboane. I tillegg skriv dei at det har vore sprengt i brotet utan at naboane har blitt varsla. Hellum og Parry-Jones påstår at tiltakshavaren i dag nyttar ein veg inn og ut av uttaksområdet som dei ikkje har løyve til. Vegen er ifølgje høyningsinnspelet ein smal grendeveg med dårlig asfaltdekke som ligg 10 meter unna husveggen deira. I samband med dette viser dei til at tungtransport vil kunne føre til vibrasjonar og støy store delar av døgnet, då det ikkje er sett grensar for når på døgnet massetransporten kan skje. Vidare gjer dei merksam om at vegen går gjennom fleire gardstun og fint kulturlandskap. I høyningsinnspelet skriv dei vidare at vegetasjonen rundt masseuttaket skulle fungere som ein skjerm for støy og støv og innsyn. På grunn av legging av kommunale vassrør til heia, og uttak av skog frå grunneigar si side. Hellum og Parry-Jones meiner at planområdet ikkje lengre er godt skjerma av vegetasjon, men er svært synleg i terrenget. Dei peiker også på at massetaket kjem i konflikt med ein tursti som var mykje brukt av fastbuande og turistar. Vidare viser Hellum og Parry-Jones til at grunneigar/tiltakshavar har tre andre uttak (Tingstødden, Stemtjønn og Stokkosen), kor inga av uttaka er avslutta. Ifølgje høyningsinnspelet kjenner dei ikkje til andre masseuttak innafor en radius på 20 km, og at området der masseuttaka er lokalisert innafor er satsingsområde for hyttenæringer. Dei viser til at det er ein og same aktør som kontrollerer alle desse uttaka og samtidig er den største utbyggjaren av hytter i området. Hellum og Parry-Jones meiner at dette ikkje er positivt for lokal næringsutvikling, men bidrar til monopolisering. Ifølgje høyningsinnspelet meiner dei å vite om andre aktørar som har søkt om å få godkjent masseuttak, men fått avslag, då kommunen meiner at Bakkebufjellet vil dekkje behovet for masse i lang framtid. Avslutningsvis viser Hellum og Parry-Jones til at det er sannsynleg eit stort behov for massar med tanke på planlagt hytteutbygging i området. Dei meiner likevel at det må vere mogleg å finne eit betre eigna område, lenger unna fastbuande. Dersom det skal gjevast løyve til drift av Bakkebufjellet, ber dei om at driftstida innskrenkast slik at ulempa for naboar og fastbuande blir avgrensa i størst mogleg grad. I tillegg ber de om at massetaket skal utsetjast/stansast inntil det føreligg ein tinglyst vegrett.

DMF sine kommentarar:

Det er forureiningsforskrifta, særleg kap. 30, som har føresegner knytt til støv og støy. I tillegg til desse føreseggnene er det også tatt inn enkelte punkt i reguleringsplanen knytt til støv og støy, mellom anna at det i tørre periodar skal vatnast for å minimere eventuelle støvplager frå uttaket. Det er også lagt inn ei støysone, der det ikkje er lov til å oppføre faste busetnader før drifta av masseuttaket er avslutta. I tillegg er det tatt inn ei føresegn om at knuste massar i så stor grad som mogleg skal plasserast slik at dei vil virke som en støyvoll for knuseverk eller anna aktivitet i retning støyømfintlige busetnader eller områder. Til grunn for reguleringsplanen er det også utarbeidd ein støyrapport av Sweco, der dei har teke høgde for ulike driftsforhold underveis i drifta.



Det er ikkje gjeven andre avgrensingar for drifta enn det som følgjer av punkt 2 bokstav a) og b) i reguleringsføreseggnene. Vi minner likevel om forureiningsforskrifta sine føresegner om at verksemda sitt bidrag til utandørs støy ikkje skal overskride bestemte verdiar jf. forureiningsforskrifta § 30-7. DMF har lagt til grunn reguleringsplan med dei utgreiingar som har vore grunnlag for denne. Vi har ikkje funne grunn til å stille meir inngripande vilkår enn det som allereie framkjem av reguleringsføreseggnene og forureiningsforskrifta kap. 30 sine føresegner. Samstundes minner vi om at det er fylkesmannen som har forvaltningsansvaret for forureiningsregelverket. Det er viktig at tiltakshavaren syter for å ha dei naudsynte løyva frå riktige mynde undervegs i drifta. Ved mistanke om brot på forureiningsregelverket er det fylkesmannen som skal ha melding om dette. Det er kommunen som har sanksjonsmynde ved brot på reguleringsføreseggnene.

Når det gjeld merknadar knytt til bruk av veg som tilkomst til uttaksområdet, føresett DMF at tiltakshavaren sjølv tar ansvar for å syte for naudsynte løyve for å kunne drive uttaket. Løyvet om driftskonsesjonen erstattar ikkje krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna regelverk jf. minerallova § 5. DMF ser på kor vidt søknaden frå tiltakshavaren oppfyller krava og kriteria i minerallova. Andre løyve som er naudsynt for å kunne starte opp drift ligg til tiltakshavaren å syte for å ha i orden. Dersom det er snakk om å nytte seg av ein privat veg, viser DMF til at dette er privatrettslege forhold som ikkje har direkte relevans til handsaminga av søknaden om driftskonsesjon. Vi oppmodar like fullt tiltakshavaren om å vere sikker på at dei har naudsynte private løyve/avtalar for å kunne utføre drifta i massetaket. Når det gjeld transport og trafikkbelastning, viser DMF til at dette er tema som naturleg hører til kommunen si handsaming av reguleringsplanen. Det same gjeld for merknader med tanke på vegetasjonsbelte som er påstått å vere borte. Vegetasjonsbeltet er nedfelt i reguleringsplanen av kommunen, og det vil difor vere opp til kommunen å vurdere om det føreligg faktisk brot på føreseggnene og om det vil vere naudsynt med reaksjonar ovafor tiltakshavaren. Bakgrunnen for at den tidlegare turstien no hevdast å vere fjerna, kan DMF heller ikkje svare for. Dette er forhold som må avklara gjennom arealplan (kommuneplan eller reguleringsplan). Vidare viser høyringsinnspelet til det dei meiner er monopolisering av masseuttak i nærlieken. Til dette vil DMF først og fremst understreke at vi er et forvaltningsorgan som forvaltar minerallova og lova sine føresegner. Vår oppgåve er å sjekke og syte for at tiltakshavaren tilfredsstiller dei krav som går fram av minerallova sine føresegner. Plassering av uttaket er avklart gjennom plan- og bygningslova sine føresegner og kommunen sin saksbehandlingsprosess. DMF har ikkje mynde eller heimel til å rá over desse prosessane i samband med ein søknad om driftskonsesjon, då det er kommunen sitt ansvarsområde. Kor vidt det er ein enkelt drivar som har eit såkalla «monopol» på drifta tek vi heller ikkje stilling til. Vi vurderer, mellom anna, om tiltakshavaren kan vise til å ha utvinningsrett for området, det vil si avtale med grunneigaren. Dersom det føreligg slik avtale om utvinningsrett, er det ikkje ein del av vurderinga kor vidt tiltakshavaren også har ansvar for andre uttak innafor nær omkrins. Kor vidt andre aktørar får avslag frå kommunen er heller ikkje gjenstand for vår vurdering, då driftskonsesjonar uansett skal handsamas av DMF etter minerallova. Eventuelle avslag frå kommunen må i så fall vere fundert i deira eigne føresegner i plan- og bygningslova. Oppsummeringsvis vil DMF nok en gang gjenta at plasseringa av uttaket er ei avgjerd som kommunen tek på grunnlag av plan- og bygningsloven sine føresegner og det kunnskapsgrunnlaget som elles føreligg. I dette tilfellet ser det ut til at uttaket har ei plassering som er gunstig med tanke på utbygging av eit større hyttefelt. Korte transportavstandar og god tilgang på massar vil vere gunstig sett både frå eit miljøperspektiv og ut ifrå den totale samfunnsøkonomiske



nytten. Vi vil også gjenta at forureiningsforskrifta, i tillegg til reguleringsføresegnsene, har eigne reglar knytt til støy og grenseverdiar fortid på døgnet verksmeda kan støye. Igjen vil vi peike på at vi ikkje har funne grunnlag til å innskrenke dei føresegnsene kommunen har nedfelt. Vi har heller ikkje vurdert det som hensiktsmessig å stille vilkår i tråd med forureiningsforskrifta sine føresegner, då det er klart og føreset att tiltakshavaren må og ska etterleve dette regelverket. Til sist vil vi poengtere at eit løyve til å drive steinbrot i medhald av minerallova, ikkje er ei fullmakt for tiltakshaveren til å ta seg til rette eller foreta seg noko i strid med offentlege eller privatrettslege reglar. Det er like fullt tiltakshavaren sjølv si plikt å orientere seg om kva forlovar, regler og løyve som gjeld. Bruk av privat veg er eit heilt reint privatrettslig forhold som DMF ikkje har anledning eller heimel til å stille vilkår om eller følgje opp. Det vil difor ikkje vere aktuelt å stanse handsaminga av konsesjonssøknaden inntil ein slik privatrettslig avtale er på plass. Tiltakshavaren må sjølv syte for at dei har naudsynte avtalar og løyve på plass. Dersom det er naudsynt med vegrett for å kome seg til uttaksområdet, er dette noko tiltakshavaren sjølv må ordne med.

5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m³ masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevest driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkeren er "skikka" til å utvinne førekomensten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomensten. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevest konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

5.1 Utvinningsrett

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhører kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekomensten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale med grunneigaren for gbnr. 10/1 i Nissedal kommune, som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalen gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomensten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekomensten.



5.2 Arealstatus for tiltaket

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 32 daa og går fram av kart med tittelen «Konsesjonsområde Bakkebufjellet massetak i Nissedal kommune» produsert ved DMF den 27. mai 2019.

Etter reguleringsplan «Detaljregulering – Bakkebufjell massetak» med planID 2012005, vedteken i kommunestyret den 13. desember 2012, regulert til steinbrudd/masseuttak.

5.3 Økonomien i prosjektet

DMF har vurdert den vedlagde informasjonen om økonomien i prosjektet. Etter DMF si vurdering er prosjektet økonomisk gjennomførbart.

5.4 Driftsplan

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomensten innanfor arealet på om lag 32 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 400 000 m³. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er om lag 15 000 faste m³. Det er planlagt drift i 4 etappar. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting. Planen er å føre brotområdet tilbake til skogbruk og dels kjøreveg for tilkomst til framtidig hyttefelt.

DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Bakkebufjellet massetak godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstiller dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren



gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

5.5 Bergfagleg forsvarleg drift

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemd.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

5.6 Kva kompetanse søkeren har til å drive førekomensten

I vurderinga av om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Halvor Grimstvedt som bergteknisk ansvarleg for uttaket. DMF har ikkje tidlegare registrert denne personen som ansvarleg for uttaket i sitt register. Tiltakshavaren har såleis ikkje fått på plass ein bergteknisk ansvarleg for uttaket.

DMF tek inn som eit vilkår i konsesjonen at ein bergteknisk ansvarleg for uttaket, med dei nødvendige kvalifikasjonane, skal vere på plass før drifta startar. Innan same dato skal Tiltakshavaren sende skriftleg melding til DMF om namnet på den bergteknisk ansvarlege og leggje ved meldinga dokumentasjon på at personen fyller dei nødvendige kvalifikasjonskrava. Dersom verksemda skal leige inn den ansvarlege, skal dokumentasjon på avtalen mellom Tiltakshavaren og den bergteknisk ansvarlege leggjast ved meldinga.

I tillegg opplyser tiltakshavaren at selskapet driv utvikling av hytteområde, sal av hyttetomter og ferdige hytter. Av kompetanse i selskapet kan dei vise til å ha tilsette med mellom anna grunnkurs i handverk bygg og anlegg, fagbrev som maskinførar. Selskapet har også tilsette med grunnkurs i mekaniske fag, som anleggsmaskinførar og fagbrev som anleggsmaskinførar. I tillegg kan selskapet vise til tilsette med grunnkurs og fagskole innan bore- og brønn teknikk. Tiltakshavaren opplyser også at dei vil leige inn føretak som skal stå for sprengning og knusing med mobilt verk. I tillegg kan tiltakshavaren vise til langvarig praksis frå drift av masseuttak.

Etter DMF si vurdering vil Tiltakshavaren ha tilstrekkeleg kompetanse for å drive førekomensten når ein bergteknisk ansvarleg for uttaket med dei nødvendige kvalifikasjonane er på plass.

5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne.



Det finst ein godkjend reguleringsplan for uttaket. Planskildringa i reguleringsplanen gjer greie for miljøverdiar i området og korleis uttaket vil påverke miljøet.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjelder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyningsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (giennomførte i mars 2019) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden.

I planskildringa er det konkludert med at planen ikkje vil kome i konflikt med viktige vilt, fisk, botaniske eller geologiske interesser. Det er i samband med planarbeidet utført ei natur- og landskapsanalyse for å kartlegge og registrere området, utan at det blei gjort funn av spesiell verdi. I tillegg er det gjennomført søk i tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag i Artsdatabanken, Naturbase og rovbasen. Ifølgje planskildringa er det også henta inn kartinformasjon frå Skog og landskap, temakart frå NGU og Arealis.

Det er ikkje kome fram opplysningar i vurderingsgrunnlaget som tyder på at uttaket vil kome i konflikt med naturverdiar i området. DMF reknar kunnskapskravet i naturmangfaldlova § 8 for oppfylt. Sidan uttaket ikkje vil ha nokon større verknad på naturmangfaldet og ein ikkje kan påvise at tiltaket vil påverke truga, nær truga eller verdifull natur, legg DMF til grunn at det ikkje er nødvendig å gjere vidare vurderingar etter miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9–12.

Avrenning

Det går fram av reguleringsplanen at tiltaket kan føre til avrenning til ein recipient.

I driftsplanen kjem det fram at det går eit mindre bekdedrag med moderat vassføring langs den nordvestlige kanten av uttaksområdet. For å hindre avrenning til bekken er det avsett ein buffersone på minimum 13 meter frå uttaksområdet og til bekken. Mesteparten av uttaket vil forske lengre unna bekken.

DMF minner om forureiningsforskrifta kap. 30 og plikta til å melde frå til forureiningsstyresmakta ved oppstart av verksemda. DMF understrekar at tiltakshavaren har plikt til å halde seg innanfor dei grenseverdiane som er fastsette i § 30-6 av forskrifta.

Konsekvensar av tiltaket for kulturminner

Kulturminne er handsama som eit eige tema i samband med planskildringa.

Ifølgje dokument sendt DMF frå Nissedal kommune blei det gjennomført registrering i planområdet av den regionale kulturminneforvaltninga i Telemark fylkeskommune. Det ble i samband med synfaringa ikkje funne automatisk freda kulturminne som kunne kome i konflikt med uttaksområdet.

DMF støttar seg til dei vurderingane som blei gjorde i samband med reguleringsplanarbeidet, og meiner at omsynet til kulturminne er sikra. DMF minner likevel om den generelle varslingsplikta etter kulturminnelova § 8.



På bakgrunn av det som er omtala ovanfor har DMF kome til at det ikkje finst faktorar knytte til miljø og kulturminne som tilseier at det ikkje skal gjevast driftskonsesjon eller at det er nødvendig å setje vilkår om avbøtande tiltak.

5.8 Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Tiltakshavaren skal planere bakkenivå for kvar etappe som drivast ut før dei startar på neste etappe. Sikringsgjerdet skal flyttast framover i takt med drifta. Tilkomstvegen skal sikrast med fareskilt samt eventuelle merkeband som plasserast strategist ut ifrå faremoment som kan oppstå undervegs i drifta. Ifølgje tiltakshavaren vil det bli nytta nettinggjerde på 1,2 meters høgde som monterast med impregnerte stolpar. Fjellskjeringsane skal vere stabile og reinskas så snart det er mogleg.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga: sand, grus, pukk og leire (byggjeraåstoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg.

Uttaket vil sysselsetje fleire tilsette og vil bidra til å halde oppe sysselsetjinga og potensielt skape ny sysselsetjing i lokalsamfunnet/distriktet. Drifta kan òg ha ein positiv verknad ved å gje opphav til ellers sikre eksistensen til anna næringsverksemد, eller ved at råstoffet kan vere ein strategisk innsatsfaktor i anna verksemد.

Uttaket er plassert nært inntil eit planlagt hyttefelt, der massane kan vere ein viktig innsatsfaktor for opparbeiding av tomtene og oppføring av hyttene. I og med uttaket si plassering i forhold til hyttefeltet, vil transportavstanden vere relativt kort, noko som også er gunstig sett i eit miljø- og samfunnsøkonomisk perspektiv.

5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området

Etter enda drift skal uttaksområdet tilbakeførast til skogbruk og kjøreveg som mogleg tilkomst til framtidig hyttefelt. Som ein del av avslutninga vil tiltakshavaren omarbeide alle fjellskjeringsane og knekke av desse slik at man får ein meir naturlig overgang til omkransande terrenget med meir stabile skråningar. Tiltakshavaren skal omarbeide terrenget mellom alle etappeområda med fylling og skjering til ei skråning på 1:2. Terrenget i spleisesona skal ifølgje tiltakshavaren sin avslutningsplan tilpassast til nye høgdekoter, slik at ein får ein meir naturleg overgang til omkransande terrenget. Det avslutta uttaksområdet skal fyllast igjen med avdekkingsmassar eller eige stadseige materiale for revegetering. Området skal også plantast med barskog. Driftsutstyr og anna utstyr frå drifta, samt eventuelle lagrareøsmassar skal fjernast frå området. Som ein del av avslutningsarbeidet vil ein også gå i gang med å sjå på moglegheitene for å leggje til rette for tilkomstveg for det framtidige hyttefeltet. Alternativt er det mogleg å sjå på tilkomstveg etter avslutta drift i etappe 1. Løysinga med tanke på tilkomstveg vil likevel vere avhengig av kva som er mogleg reint vegteknisk, estetiske omsyn, samt planmessige og praktiske omsyn. Val alternativ for tilkomstveg vil, ifølgje



Tiltakshavaren, bli nærmare presisert og avgjort ved utarbeiding av detaljregulering for hyttefeltet.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

5.11 Økonomisk sikkerheit

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelege krava til sikkerheit.

Tiltakshavaren føreslår ei ordning med avsetting i fond med mellomsats på NOK 1,50 pr. tonn årleg utteken masse. Tiltakshavaren føreslår å stille økonomisk sikkerheit med NOK 600 000,-, og eit grunnbeløp på NOK 300 000,-.

5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere noko lavt. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Hensikta med økonomisk sikkerheit er å trygge kommunen, grunneigar og samfunnet elles om at området vil bli tilfredsstillande sikra og rydda opp også ved plutselag og uføresett avslutning av uttaket. Eksempel på slik uføresett avslutning kan vere konkurs hos tiltakshavaren. Ved berekning av økonomisk sikkerheit må DMF difor ta høgde for at det ikkje er tiltakshavaren sjølv som skal stå for sikting og opprydding av uttaksområdet. Ein kan ikkje rekne med sjølvkost, men må ta utgangspunkt i at det må leigast inn kompetanse både for å vurdere kva for sikringstiltak som er naudsynte, samt leige inn firma som må utføre sjølve jobben.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 770 000,-, for å sikre at naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på: kor komplekst uttaket er, massetype, potensiell forureiningsfare, underjords- eller dagbrotsdrift, plassering og lokale tilhøve. DMF har òg lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

5.11.2. Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperrat til fordel for DMF.

Bankgaranti–oppstartsfasen



DMF vurderer det som naudsynt at Tiltakshavaren, før drifta startar, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstilande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 300 000,-. Dette er naudsynt for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphøyre eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemde; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 300 000,-. Når beløpet på bankkontoen har nådd NOK 300 000,-, eller tidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 770 000,- er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 0,89 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på like i underkant av 20 år, det vil seie NOK om lag 38 715,- per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på om lag 43 500 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 0,89 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

5.11.3. Rapportering og dokumentasjon

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen.

I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphald.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.



5.11.4. Justering av sikkerheita

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drifta ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekommst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF.

Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastset ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

Ansvaret til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakrar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekommsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan



Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på dirmin.no.

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no.

Med helsing

Maria Lauritzen
seksjonsleiar

Stine Borge Nordskag
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Stine Borge Nordskag*



Vedlegg:

Vedlegg 1_Avtale om finansiell sikkerhetsstillelse_Bakkebufjellet massetak.docx
Vedlegg 2_Pantsettelseserklæring for enkle pengekrav_Bakkebufjellet massetak.docx
Vedlegg 3_Påkravsgaranti_Bakkebufjellet massetak.docx
Vedlegg 4_Godkjend driftsplan_Bakkebufjellet massetak.pdf
Vedlegg 5_Konsesjonområde_Bakkebufjellet massetak.pdf
Adresseliste_Bakkebufjellet massetak.pdf

Mottakarar:

Kyrkjebygdheia AS Kyrkjebygda 3854 NISSEDAL

Kopi til:

Adresseliste

Fylkesmannen i Vestfold og Postboks 2076 3103 TØNSBERG

Telemark

Nissedal kommune 3855 TREUNGEN

Norges vassdrags- og Postboks 2124 3103 TØNSBERG

energidirektorat Region sør

Opplysningsvesenets fond Postboks 535 Sentrum 0105 OSLO

Statens vegvesen Region sør Postboks 723 Stoa 4808 ARENDAL

Telemark fylkeskommune Postboks 2844 3702 SKIEN

Vest-Telemark Kraftlag AS 3891 HØYDALSMO

PH Papirarbeid, Peter Holskar Solås 13 3855 TREUNGEN